

---

Saksnr: 2021/2254-6  
Saksbehandlar: Ida-Beate Mølmesdal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestland Ungdomsutval t		19.03.2021

## Regional plan for klima - Aktuelle plantema og høve til tidleg medverknad frå ungdomsutvalet

Forslag til innstilling

1. Vestland ungdomsutval tilrår at arbeidet tek utgangspunkt i den førebelse tematiske inndelinga:
  - Fjerne direkte utslepp frå Vestland
  - Redusere klimafotavtrykket til Vestland
  - Trygt og robust Vestland
  - Klimarettferd
  - Ivareta naturverdiane i Vestland
  - Berekraftig samfunnsutvikling
2. Vestland ungdomsutval meiner følgjande plantema bør inkluderast i ein ny regional plan for klima:

.....  
.....  
.....

## Samandrag

Arbeidet med å utarbeide ein regional plan for klima er starta opp. Det vert no arbeida med planprogrammet til den regionale planen, og i dette arbeidet ønskjer vi svært gjerne innspel frå Vestland ungdomsutval. Planprogrammet er sjølve «ramma» for kva ein ser føre seg at planen skal omhandle. Denne saka er eit høve for utvalet til å gi innspel til arbeidet med klimaplanen, og eventuelle plantema som de ser føre dykk er viktig å ha med. Utkast til planprogram vert lagt fram i fylkesutvalet 20. april.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møtet 17.januar fekk Vestland Ungdomsutval ei orienteringssak (RS 1/2021) om at arbeidet med ein ny regional klimaplan var i gang. I den orienteringa blei det samstundes informert om at utvalet ville få ein ny sak til dette møtet for å kunne komme med tidlege tilbakemeldingar på kva plantema ungdomsutvalet meiner er viktig å inkludere, basert på ungdomsutvalet sin ståstad.

Klimaet er i endring, og konsekvensane av klimaendringane vert stadig meir tydelege. At samfunnet omstiller seg, og at det skjer raskt, er naudsynt for å nå dei målsetningane fylket har sett seg. Det er òg for ungdommen, og dei komande generasjonar denne planen vert viktigast. Ungdom har vist stort engasjement, vilje og mot knytt til klima dei siste åra, og vi ønskjer difor ungdommen sine tydelege stemmer velkommen i arbeidet med ny regional klimaplan. Denne saka vil gjere greie for kva område vi per no ser for oss som viktige.

Planprosessen er no i *planprogramfasen*. Vi skal no utarbeide eit planprogram som skal skildre korleis vi skal gjennomføre planarbeidet, kva vi ynskjer å oppnå, framdriftsplan og korleis vi skal organisere medverknadsprosessen. Dette vert ein «plan for planlegginga». Fylkesutvalet vil få utkast til planprogram presentert i møtet 20. april.

### Utviklingsplanen gir oss oppdraget

Planarbeidet vårt tek utgangpunkt i alle mål vedtatt i Utviklingsplan for Vestland. Samstundes vert mål 2, med tilhøyrande strategiar spesielt viktig. Utviklingsplanen sin strategi 2.1 seier at *Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030*.

Utviklingsplanen byggjer også på FN sine berekraftsmål, og dette dannar grunnlaget for arbeidet med ny klimaplan.

### Klimaomstilling

Klimaomstilling er ein omstillingsprosess i samfunnet for å bli eit låg- eller nullutsleppssamfunn. Utviklingsplanen skildrar det som ei omstilling av samfunnet der utvikling og vekst skjer innafør tolegrensene til naturen (s.23). Omgrepet vert nytta på ulike vis, og det er difor naudsynt å definere dette tidleg i planprosessen.

Utgangspunktet for det vidare arbeidet vil vere at klimaomstilling er ei samfunnsendring der vi både reducerer klimafotavtrykket og dei direkte klimagassutsleppa til Vestlandssamfunnet, samt klimatilpassar oss til dagens og framtida sitt klima. Omstillingsprosessen gjeld alle deler av Vestlandssamfunnet, innbyggjarar, næringsliv, kommunar og fylkeskommunen. Ein del av arbeidet med redusert klimafotavtrykk er å ha eit fokus på karbonbinding, både gjennom opptak og lagring i skog og jord, samt utarbeiding av ny teknologi.

### Klimaendringane påverkar oss


Klimaendringane er også ein av dei største truslane mot naturmangfaldet, då dei medfører endra levevilkår for dyr og planter, og påverkar samspelet i naturen. Sårbare artar og økosystem står i fare for å forsvinne. Den samla belastninga av klimaendringar og menneskeleg aktivitet, som fysiske inngrep og arealendringar, bidreg i negativ retning for naturmangfaldet. Klima og miljø skal vere premiss for samfunnsutviklinga i Vestland, og i arbeidet med klimaplanen vil vi sjå på korleis vi kan styrke integrasjonen mellom klima og natur. Klimaendringar og naturmangfald må sjåast i samanheng, m.a. fordi velfungerande økosystem er viktig for å nå klimamåla<sup>1</sup>. Dette gjeld både ved at naturen kan ta opp og lagre karbon, men også at naturen kan dempe verknadane av klimaendringar som m.a. flaum og skred (naturbaserte løysingar for klimatilpassing).

## Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

### Strategiar:

- 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

<sup>1</sup> [Miljøstatus - Miljødirektoratet](#)




Figur 1: Hovudområda i klimaomstilling

Det er naudsynt å nemne at alt dette skal settast inn i ein samanheng der vi også tek omsyn til sosial berekraft, mellom anna gjennom klimarettferdig og fokus på innbyggjarane sin kvardag og helse.

## Status

### Klimagassutslepp

Miljødirektoratet publiserte 25. januar 2021 oppdatert klimagassrekneskap for kommunar og fylker i Noreg<sup>2</sup>. Utsleppsrekneskapen syner utslepp frå dei tre klimagassane CO<sub>2</sub>, metan (CH<sub>4</sub>) og lystgass (N<sub>2</sub>O) fordelt på ni sektorar, innanfor gjeldande kommune- og fylkesgrenser. Utsleppa i Vestland går ned, og klimagassutsleppa i 2019 var på 6,625 885 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Dette er ein nedgang på 7,3 % frå 2018. Dette er positivt, men samstundes er reduksjonen i utslepp sidan toppåret 2013 ikkje stor nok til å nå Vestland sin strategi om nullutslepp innan 2030 (strategi 2.1 i utviklingsplanen).



Kilde: Miljødirektoratet

### Naturmangfold

I mai 2019 kom FN sitt naturpanel (IPBES) sin fyrste hovudrapport om naturen sin tilstand. Tap av naturmangfold er ein like stor trussel mot verda som klimaendringane. Rapporten peikar på at vi vil få store utfordringar med å nå berekraftsmåla dersom vi ikkje gjer store endringar i korleis vi nyttar naturressursane våre. Livsgrunnlaget til menneska er trua. For å hindre tap av naturmangfold krevst det samfunnsendringar, og dette kan mellom anna vere å sjå arbeidet med klimakrisa i samanheng med naturmangfaldskrisa. Tiltak for å løyse den eine krisa må ikkje gjere den andre krisa verre.

### Klimaendringar

Forskjellen mellom klima og vêr kan forklarast som om at vêret er det du ser ut vindauget, medan klimaet er gjennomsnittsvêret over lang tid (30 år)<sup>3</sup>. Klimaet er i endring, og temperaturen på kloden er på veg opp. Sidan førindustriell tid har temperaturen auka med omlag 1 °C på kloden<sup>4</sup>. Dette medfører at snø og is smeltar, havet stig og blir surare. Klimaendringane vil gi alvorlege konsekvensar for menneske og natur, både i Vestland og i resten av verda.

<sup>2</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=1050&sector=-2>


<sup>3</sup> <https://www.fn.no/tema/klima-og-miljoe/klimaendringer>

<sup>4</sup> <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/klima/>

Norsk klimaservicesenter har laga klimaprofilar for fylka. Vi har klimaprofilar frå både Sogn og Fjordane og Hordaland, begge publisert i 2016. Desse inneheld kortfatta informasjon om klimaendringane og relaterte utfordringar for fylka. Vestland kan vente seg naturskadar som mellom anna skred og flaum, samt skader ved storm. Vi kan vente oss temperaturauke og nedbørsauke. Dette gir også auka episodar med kraftig nedbør, regnflaumar og jord-, flaum- og sørpeskred, samt snøskred <sup>5</sup>.

Klimaet er i endring fordi vi produserer meir klimagassar enn det som er naturleg. Klimagassane bidreg til å gjere drivhuseffekten sterkare. Vi slepp ut meir klimagassar enn naturen og havet klarer å ta opp, og vi har gradvis ein auke i temperatur.

Klimaendringane rammar menneske og natur i heile verda, noko som har konsekvensar for naturmangfald, matproduksjon, helse og infrastruktur. FN sitt klimapanel peikar også på at fattige land vert mest råka, mellom anna på grunn av ressursmangel til å takle konsekvensane. Kor store konsekvensane vert på samfunnet er avhengig av kor mykje vi klarer å redusere klimagassutsleppa våre, samt kor godt vi klarer å tilpasse oss klimaendringane.



Figur 1: Allereie observerte konsekvensar av klimaendringar globalt. Kjelde: FN sitt klimapanel Delrapport 2 2013 / Miljøstatus.no

### Sosial berekraft og folkehelse

Basert på kunnskapsgrunnlaget utarbeida i utviklingsplanen ser ein at ulikskapen i Vestland aukar og fleire born bur i familiar med vedvarande låg inntekt. Sysselsettingsgrada er høg i regionen, men samstundes er det ei auka grad av menneske som fell utanfor arbeidslivet. Utsette grupper vert hardast råka av ulike krevjande hendingar, som mellom anna koronakrisa. Fylket har utfordringar med å sikre sysselsetting, redusere økonomisk ulikskap, redusere den sosiale effekten av økonomiske skilnader, samt å førebygge utanforskap. Dette er eit viktig omsyn i utarbeiding av ny regional plan for klima. Klimatiltak skal unngå å auke desse utfordringane, og både planprosessen og potensielle tiltak må inkludere rettferd i avvegingane. Klimarettferd vert her nytta som omgrep.

I Folkehelseoversikta 2019-2023 vert klimaendringane trekt fram som ei av dei viktigaste utfordringane for framtidig folkehelse. Fysiske og psykiske helsekonsekvensar av klimaendringar er ei viktig utfordring, mellom anna kjensla av frykt for å bli råka av skred, uttrygg reiseveg m.m. Klimaendringane sett i eitt folkehelseperspektiv vil vise at ulike grupper av befolkninga vert råka av klimaendringane, samt klimatiltak, på ulike vis. Dette mellom anna fordi vi har ulike utgangspunkt for å handtere problem, både i mogelegheit til å endre vanar og til å følgje restriksjonar. Dette kan handle om økonomi, mogelegheit til å ta til seg ny kunnskap og kapasitet til å tilpasse seg nye vanar. Vi har eit mangfaldig samfunn og det vil krevje nye løysingar.

<sup>5</sup> <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/vestland-statistikk-og-utviklingstrekk.pdf>

Dei viktigaste utfordringane for verdsamfunnet i dag er å stoppe klimaendringar og utjamne sosial ulikskap og fattigdom. Ei berekraftig utvikling møter dagens behov samtidig som vi tek vare på komande generasjonar sine moglegheiter for å dekke deira behov<sup>6</sup>.

#### Nasjonale forventningar og planretningslinjer


Nasjonale forventningar gir føringar for korleis fylkeskommunen planlegg for ei berekraftig samfunnsutvikling i sin region «*Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*». I tillegg er det statlege planretningslinjer (SPR) for ulike tema, for å konkretisere og markere nasjonal politikk på viktige områder i planlegging. Det er spesielt [SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) som legg føringar for dette planarbeidet.

Det er som er forventa av oss er mellom anna:

- Sette ambisiøse mål for utsleppsreduksjon, og lage tiltak for dette
- Sette ambisiøse mål for meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging og lage tiltak for dette.
- Ta omsyn til dagens og framtidens klima gjennom klimatilpassing, der ein legg høge alternativ for nasjonale klimaframskrivingar til grunn (føre-var-prinsippet)
- Identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftsområde, overordna grønstruktur...
- At FN sine 17 berekraftsmål blir ein del av grunnlaget for regional planlegging,.

#### Førebels tematisk inndeling

Skjemaet under tek utgangspunkt i klimaomstilling som ei samfunnsendring, der vi skal ta omsyn til dei tre dimensjonane av berekraft; miljømessig-, sosial- og økonomisk berekraft. Samstundes arbeider vi ut frå dei fire måla i Utviklingsplanen og FN sine 17 berekraftsmål. Vi foreslår per no ei tematisk grovdeling:



Figur 2: Førebels tematisk inndeling

Tema	Kort skildring	Mål / strategi i utviklingsplanen
Fjerne direkte utslepp frå Vestland	Nullutsleppsmålet for 2030. Her vil det komme ulike underkategorier, eks.	Mål 2: 2.1

<sup>6</sup> <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/utviklingsplan-for-vestland-vedteken-nett.pdf>

	landbruk, transport, forbruk, grøn næringsutvikling m.m.	
<b>Redusere klimafotavtrykket til Vestland</b>	Klimapåverknaden skal reduserast så mykje som mogeleg, og så fort som mogeleg. Dette gjeld også for tema ovanfor, men inkludert indirekte utslepp.	Mål 2: 2.1
<b>Trygt og robust Vestland</b>	Klimatilpassing av samfunnet og redusere klimarisiko	Mål 2: 2.2
<b>Klimarettferd</b>	Sosial berekraft og rettferdig fordeling av goder og ulemper. Konsekvensar av klimatiltak, lokalt og internasjonalt. Her vil vi m.a. knyte funn i folkehelseoversikta til temaet.	Mål 3 og 4
<b>Ivareta naturverdiane i Vestland</b>	Sikre naturmangfaldet i Vestland. Redusere konsekvensane av klimaendringar og arealbruksendringar som er i strid med mål 2	Mål 2: 2.2
<b>Berekraftig samfunnsutvikling</b>	Nullutsleppsinnbyggjaren i fokus. Vi utviklar nullutsleppssamfunnet som er den beste staden å leve, jobbe og bu.	Mål 1, 2, 3, 4

## Til drøfting og vedtak

Er ungdomsutvalet samd i den førebelse tematiske inndelinga?

Er det andre tema ungdomsutvalet meiner bør inkluderast i arbeidet med ny klimaplan?

### Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtakskompetanse til å leggje planprogram til høyring og offentleg ettersyn.

### Vurderingar og verknader

<b>Økonomi</b>	Ikkje relevant for denne fasen av arbeidet.
<b>Klima</b>	Framtidige vedtak vil bidra til at ambisiøse klimamål i Vestland bli nådd.
<b>Folkehelse</b>	Planen vil inkludere folkehelseomsyn gjennom å fokusere på sosial berekraft og klimarettferd. Resultat frå folkehelseoversikta i Vestland vil danne noko av kunnskapsgrunnlaget.
<b>Utviklingsplan for Vestland</b>	Planen skal ta omsyn til måla i utviklingsplanen, med eit spesielt fokus på mål 2; klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.

### Konklusjon

Arbeidet med klimautfordringane femnar breitt og krev ein god planprosess. Tilbakemeldingar frå ungdommenborn og unge vert viktige. Spesielt fordi dette er nullutsleppsgenerasjonen vår, og skal vakse opp i eit Vestland med null utslepp i 2030. Vi ynskjer difor tilbakemelding i form av innleiande vedtakspunkt som grunnlag for utarbeiding av eit planprogram for ny regional plan for klima i Vestland.

### Nyttige nettressursar

- <https://www.miljodirektoratet.no/>
- <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/>
- <https://www.fn.no/tema>
- [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)
- [Regjeringen.no Tema Klima og miljø](#)
- [www.klimatilpasning.no](http://www.klimatilpasning.no)